



Rapportserie  
Nr. 3 | 2021

# Språkstrategiar i høgare utdanning

**Utgivar:** Direktoratet for internasjonisering og kvalitetsutvikling i høyere utdanning (Diku)

**Dato:** Februar 2021

**Ansvarleg redaktør:** Ragnhild Tungesvik

**Utarbeida av:** Ane Landøy, Anders Alvsåker Didriksen og Stig Helge Pedersen

**ISSN:** 2535-5961

**ISBN:** 978-82-8421-016-2

*Rapporten kan lastas ned frå [diku.no](https://diku.no)*

## Forord

Høgare utdanning er ein arena for å utvikle norsk med nye presise omgrep, og dermed bygge opp under kvalitet i utdanningane.

Universitet og høgskolar har eit lovpålagt ansvar for å vedlikehalde og vidareutvikle norsk som fagspråk. Som eit tiltak i dette arbeidet har dei fleste institusjonane utvikla språkstrategiar eller språkpolitiske retningslinjer, som set retning for korleis institusjonen arbeider med denne problemstillinga.

Diku fekk sommaren 2020 i oppdrag å foreta ein gjennomgang av språkstrategiane for universitet og høgskolar. Formålet med gjennomgangen er å gi departementet ei fagleg vurdering av korleis UH-institusjonane utfører og utøver det lovpålagte ansvaret for å vedlikehalde og vidareutvikle norsk som fagspråk, samtidig som dei også skal legge til rette for internasjonalisering. Det er eit underliggende premis at bruken av engelsk aukar sterkt i norsk høgare utdanning.

Rapporten bygger på Diku sin gjennomgang av tilgjengelege språkstrategiar og språklege retningslinjer, men også på data, utgreiingar og arbeid som andre institusjonar har gjort eller funne fram til og sett saman.

Vi vil rette ein stor takk til Språkrådet, Universitets- og høgskolerådet (UHR) og Norsk studentorganisasjon (NSO) for godt samarbeid og gode innspel undervegs.

Takk også til Unit – direktoratet for IKT og fellestjenester i høyere utdanning, NSD – Norsk senter for forskningsdata, NIFU – Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning, Store Norske Leksikon (SNL), og Høgskulen på Vestlandet (HVL), for data.

Rapporten svarar på oppdraget frå departementet, men vi håpar også at han kan bidra til diskusjon og refleksjon ved institusjonane omkring det viktige arbeidet med å vidareutvikle norsk fagspråk i eit globalt kunnskapssamfunn.

*Diku - Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning skal bidra til å styrke kvaliteten i norsk utdanning. Vi fremjar utvikling og nyskaping, internasjonalt samarbeid og digitale læringsformer.*

*Gjennom utgreiingar, analysar og rådgiving skal Diku bidra til å utvide og styrke kunnskapsgrunnlaget for kvalitetsutvikling. Føremålet er å gi styresmakter og utdanningssektoren betre føresetnader for utforming av politikk, tiltak og strategiar.*

# Innhold

<b>1 Samandrag og tilrådingar .....</b>	<b>4</b>
<b>2 Oppdrag, bakgrunn og metode .....</b>	<b>8</b>
2.1 Oppdraget frå Kunnskapsdepartementet.....	8
2.2 Bakgrunn.....	8
2.3 Metode .....	10
<b>3 Vurdering av språkstrategiane .....</b>	<b>11</b>
3.1 Universitets- og høgskolerådet sin språkpolitiske plattform .....	11
3.2 Ansvarsplassering i institusjonane .....	11
3.3 Parallelspråk.....	13
3.4 Publiseringsspråk for forskning.....	13
3.5 Språk i lærebøker utgjevne i Norge .....	14
3.6 Populærvitskapleg formidling og artiklar i oppslagsverk i Norge.....	16
3.7 Termarbeid, anna fagspråkarbeid.....	17
3.8 Språkopplæring for fagtilsette med internasjonal bakgrunn .....	18
3.9 Undervisningsspråk.....	20
3.10 Studielitteratur .....	24
3.11 Mållova.....	25
3.12 Arbeidsmarknaden og fagspråk.....	25
<b>4 Tiltalringar .....</b>	<b>26</b>
4.1 Særleg for institusjonane .....	26
4.2 Nasjonalt samarbeid .....	26
<b>Litteraturliste.....</b>	<b>28</b>

# 1 Samandrag og tilrådingar

Norske universitet og høgskular har eit lovpålagt ansvar for å vedlikehalde og vidareutvikle norsk som fagspråk (UH-lova § 1.7). Eit av hjelpemidla er å utarbeide språkstrategiar eller språkpolitiske retningslinjer, som er det denne rapporten tek utgangspunkt i. Rapporten kjem som svar på eit oppdrag Diku har fått frå Kunnskapsdepartementet, om å gje ei fagleg vurdering av korleis institusjonane tek vare på ansvaret for vedlikehald og vidareutvikling av norsk fagspråk.

I tillegg til å gå gjennom språkstrategiar bygger rapporten også på data, utgreiingar og arbeid som Språkrådet, UHR, Unit, NSD og NIFU har gjort eller funne fram til og sett saman.

Om lag 95 prosent av institusjonane har eller arbeider med språkstrategiar ved årsskiftet 2020/2021.

Vi har sett på om språk er nemnd i dei overordna strategiane til institusjonane, kva strategiane seier om kven som har ansvar for implementering og oppfølging, og kvar strategiane er plassert på heimesidene. Basert på at språk manglar i dei overordna strategiane er inntrykket at språkstrategiane berre i liten grad er strategisk viktige for institusjonane. Det er forbausande, sidan departementet legg stor vekt på dette i styringssignala. Samstundes viser ei undersøking frå Språkrådet at om lag halvta av dei fagleg tilsette kjenner til at det finns språkstrategiar ved eigen institusjon.

I alt 19 strategiar nemner eksplisitt at norsk er undervisningsspråket, men det vert likevel framheva at det kan vere skilnad på nivåa, der norsk er undervisningsspråket på (dei første delane av) bachelor/lågare grad og at norsk og engelsk kan brukast parallelt på master.

«Parallellspråk» er eit omgrep som går igjen i ein del av språkstrategiane, og tyder at institusjonane skal vere medvitne om når dei brukar norsk og når dei brukar engelsk. Utsegnene om forskingspubliseringsspråk er døme på dette, der det er semje om at det er opp til den einskilde forskaren å bestemme, og at det er full aksept for at engelsk er språket for vitenskapleg publisering. Vi ser at det er lite rom for å publisere på norsk i Nivå-2 tidskrift, og at delen engelskspråklege masteroppgåver har auka sidan år 2000.

UH-lova § 1.7 omtalar ikkje berre «vedlikehald», men også «vidareutvikling» av norsk som fagspråk, og fleire av institusjonane nemner dette i språkstrategiane sine, utan at dei konkretiserer dette i særleg grad.

Norskopplæring av internasjonalt tilsette er eit emne som dei fleste språkstrategiane omtalar ganske konkret, med utsegner som *internasjonalt tilsette skal innan ei viss tid ha lært norsk tilsvarende eit visst nivå, og institusjonen skal legge til rette for det*. Strategiane seier ikkje noko om kva som skjer dersom ikkje norskkravet vert oppfylt.

Vi ser også at talet på internasjonalt tilsette aukar, særleg innan matematisk-naturvitenskaplege og tekniske fag. Dette får mellom anna konsekvensar for planlagt undervisningsspråk, der delen engelskspråklege emne aukar, særleg innan dei same fagfelta.

Språk i studielitteratur/pensum er eit komplekst område, og førebels er det liten tilgang til gode data på nasjonalt nivå. Det er lettare for den einskilde institusjonen å skaffe seg eit oversyn

over fordelinga her. Unit er i gang med eit utviklingsarbeid for å skaffe til vege eit betre datagrunnlag.

Fleire av institusjonane er opptekne av å utdanne gode kandidatar til arbeidslivet i dei overordna strategiane sine. Dette vert berre i liten grad omtala i språkstrategiane, trass i at fleire utgåver av NHO sitt kompetansebarometer peiker på meistring av norsk språk som det viktigaste for nyttilsette.

### **I rapporten tilrår vi følgjande:**

Dei språklege retningslinjene bør forankrast i strategien til institusjonane, det er det berre eit fåtal som har i dag. Det er også berre ytterst få som har ein handlingsplan som sikrar at dei språkpolitiske retningslinjene blir tatt i bruk. Ansvar for å følgje opp retningslinjene og handlingsplanen bør plasserast i ein språkpolitisk komité, eit utval eller ei avdeling i institusjonen.

Institusjonane bør følgje opp eigen språksituasjon med eigne årlege institusjonsrapportar. Her bør både språk i undervisningsemne, i studielitteratur, i masteroppgåver og ph.d.-avhandlingar, i publisering, terminologi og anna formidling med. Rapportane kan vere grunnlag for kortfatta, overordna rapporteringspunkt i årsrapportane som fast oppfølging til tildelingsbrev til Kunnskapsdepartementet.

Det bør opprettast insentivordningar som sikrar at arbeidet med norsk fagspråk og terminologi og utvikling av læremiddel, skriving av leksikonartiklar, tidsskriftartiklar o.l. blir premiært og prioritert. Dette kan til dømes leggjast inn i ei meritteringsordning for god undervisning/gode førelesarar. Institusjonane har også høve til å utvikle eigne insentiv for norskspråkleg formidling.

Institusjonane må ha merksemd på norskopplæring av internasjonale tilsette. Behova for kompetanseheving i norsk og engelsk hos dei vitenskapleg tilsette bør kartleggjast, slik at dei kan få tilbod om eigna språkkurs og pedagogisk trening som sikrar god kvalitet i undervisinga.

I universitetspedagogiske opplæringstilbod bør det utviklast ein eigen modul om fagspråk- og terminologiarbeid for at det skal bli ein naturleg del av undervisinga.

Det bør setjast opp mål for kva språkleg dugleik studentane bør ha når dei er ferdige med utdanninga. Desse måla bør vere beskrive i omtalen av studieprogrammet, og kan med fordel inkluderast i læringsutbytteomtalen for dei enkelte emna.

Unit arbeider med å utvikle eit statistikk-barometer. Data for språk i undervisningsemne, studielitteratur, masteroppgåver og ph.d.-avhandlingar og publisering bør kome med der, basert på dei data som institusjonane allereie rapporterer.

Tabell 1.1 Oversyn over språkstrategiar ved institusjonane

Forkorting	Institusjon	Nettadresse
NU	Nord Universitet	<a href="https://www.nord.no/no/om-oss/lover-forskrifter-retningslinjer/Documents/Spr%C3%A5kpolitiske-retningslinjer-vedtatt-i-styret-18-09-2018.pdf">https://www.nord.no/no/om-oss/lover-forskrifter-retningslinjer/Documents/Spr%C3%A5kpolitiske-retningslinjer-vedtatt-i-styret-18-09-2018.pdf</a>
NTNU	Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet	<a href="https://www.ntnu.no/sprakpolitiske-retningslinjer">https://www.ntnu.no/sprakpolitiske-retningslinjer</a>
OsloMet	OsloMet – storbyuniversitetet	<a href="https://ansatt.oslomet.no/sprakpolitiske-retningslinjer-oslomet">https://ansatt.oslomet.no/sprakpolitiske-retningslinjer-oslomet</a>
UiA	Universitetet i Agder	<a href="https://www.uia.no/om-uia/spraakpolitiske-retningslinjer-for-universitetet-i-agder">https://www.uia.no/om-uia/spraakpolitiske-retningslinjer-for-universitetet-i-agder</a>
UiB	Universitetet i Bergen	<a href="https://www.uib.no/ledelsen/74867/spr%C3%A5kpolitikk-ved-uib">https://www.uib.no/ledelsen/74867/spr%C3%A5kpolitikk-ved-uib</a>
UiO	Universitetet i Oslo	<a href="https://www.uib.no/ledelsen/74867/spr%C3%A5kpolitikk-ved-uib">https://www.uib.no/ledelsen/74867/spr%C3%A5kpolitikk-ved-uib</a>
UiS	Universitetet i Stavanger	<a href="https://www.uis.no/nb/sprakpolitiske-retningslinjer-uis">https://www.uis.no/nb/sprakpolitiske-retningslinjer-uis</a>
UiT	Universitetet i Tromsø Norges arktiske universitet	<a href="https://uit.no/utdanning/art?p_document_id=347818&amp;dim=179017">https://uit.no/utdanning/art?p_document_id=347818&amp;dim=179017</a>
HiM	Høgskolen i Molde, vitenskapelig høgskole i logistikk	<a href="https://www.himolde.no/om/regelverk/sprakpolitiske-retningslinjer/index.html">https://www.himolde.no/om/regelverk/sprakpolitiske-retningslinjer/index.html</a>
KHiO	Kunsthøgskolen i Oslo	<a href="https://khio.no/system/resources/W1siZiIsIiwMTcvMDEvMTAvMTRfNTJfMzFmY2X1Nwcl9rcG9saXRpa2tfdmVkX0t1bnN0aF9nc2tvcGVuLnBkZiJdXQ/Spr%C3%A5kpolitikk%20ved%20Kunsth%C3%B8gskolen.pdf">https://khio.no/system/resources/W1siZiIsIiwMTcvMDEvMTAvMTRfNTJfMzFmY2X1Nwcl9rcG9saXRpa2tfdmVkX0t1bnN0aF9nc2tvcGVuLnBkZiJdXQ/Spr%C3%A5kpolitikk%20ved%20Kunsth%C3%B8gskolen.pdf</a>
NHH	Norges Handelshøyskole	<a href="https://www.nhh.no/om-nhh/sprakpolitiske-retningslinjer/">https://www.nhh.no/om-nhh/sprakpolitiske-retningslinjer/</a>
NMH	Norges musikkhøgskole	<a href="https://ansatt.nmh.no/organisasjon/strategier/sprakpolitiske-retningslinjer-for-norges-musikkhogskole">https://ansatt.nmh.no/organisasjon/strategier/sprakpolitiske-retningslinjer-for-norges-musikkhogskole</a>
HINN	Høgskolen i Innlandet	<a href="https://www.inn.no/om-hoegskolen/sentrale-dokumenter%20">https://www.inn.no/om-hoegskolen/sentrale-dokumenter%20</a>
HiØ	Høgskolen i Østfold	<a href="https://www.hiof.no/om/styringsdokumenter-rapporter/styringsdokumenter/sprakpolitisk-plattform.html">https://www.hiof.no/om/styringsdokumenter-rapporter/styringsdokumenter/sprakpolitisk-plattform.html</a>
HiVo	Høgskulen i Volda	<a href="https://www.hivolda.no/sites/default/files/documents/Spr%C3%A5kpolitikk%20ved%20HVO%20.pdf">https://www.hivolda.no/sites/default/files/documents/Spr%C3%A5kpolitikk%20ved%20HVO%20.pdf</a>
HVL	Høgskulen på Vestlandet	<a href="https://hvl.no/om/sentrale-dokument/reglar/sprakpolitiske-retningslinjer/">https://hvl.no/om/sentrale-dokument/reglar/sprakpolitiske-retningslinjer/</a>
NMBU	Norges miljø- og biovitenskapelige universitet	Pdf
USN	Universitetet i Sørøst-Norge	Pdf
AHO	Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo	Pdf
NIH	Norges idrettshøgskole	Pdf
BI	Handelshøyskolen BI	Pdf
BAS	Bergen Arkitektshøgskole	Pdf
HDK	Høgskolen for dansekunst	Pdf

HK	Høyskolen Kristiania	Pdf
RS	Steinerhøyskolen	Pdf
MF	MF vitenskapelig høyskole for teologi, religion og samfunn	Under arbeid
ATH	Ansgar Teologiske Høgskole	Under arbeid
DMMH	Dronning Mauds Minne Høgskole for barnehage- lærerutdanning	Under arbeid
FIH	Fjellhaug Internasjonale Høgskole	Under arbeid
LDH	Lovisenberg diakonale høgskole	Under arbeid
NLA	NLA Høgskolen	Under arbeid

Oversyn over språkstrategiar på nettet, tilsend i pdf eller under arbeid pr 31.12.2020.

(Kjelde til namn og forkortingar: Tilstandsrapport for høgare utdanning 2020:7)



## 2 Oppdrag, bakgrunn og metode

### 2.1 Oppdraget frå Kunnskapsdepartementet

I brev 01.07.2020 frå Kunnskapsdepartementet vart Diku beden om å gå gjennom språkstrategiar for universitet og høgskolar. Føremålet med oppdraget er å gje ei fagleg vurdering av korleis institusjonane tek vare på ansvaret for vedlikehald og vidareutvikling av norsk fagspråk.

Ansvaret er heimla i Lov om universiteter og høgskolar, § 1-7. Institusjonane som har finansiering og tildelingsbrev frå Kunnskapsdepartementet er tidlegare pålagt å utarbeide eigne språkstrategiar, og i departementet sine tildelingsbrev for 2019 vart dei bedne om å følgje utviklinga for norsk fagspråk, og vurdere tiltak. Bakgrunnen for oppdraget er den sterke auken i bruk av engelsk ved norske universitet og høgskolar, og føremålet er å gje departementet ei fagleg vurdering av korleis UH-institusjonane tek vare på ansvaret sitt for å vedlikehalde og vidareutvikle norsk fagspråk samstundes som dei også skal legge til rette for internasjonalisering. I dette materialet er ikkje Politihøgskolen og Forsvarets høgskole med, sidan desse ikkje mottar tildelingsbrev frå KD. Sidan oppdraget spesifiserer norsk som fagspråk er heller ikkje den Samiske Høgskolen inkludert.

Denne rapporten har som mål å gje ei analytisk oppsummering av innhaldet i språkstrategiane med supplerande informasjon frå institusjonane, ei vurdering av om ansvaret for norsk fagspråk er godt teke vare på ved institusjonane, og tilrådingar for vidare arbeid på området.

Basert på språkstrategiane/dei språkpolitiske retningslinene til UH-institusjonane eller tilsvarende informasjon innhenta frå dei som ikkje har strategiar/retningsliner, analyserte vi innhaldet i språkstrategiane. I tillegg innhenta vi utfyllande informasjon for å vurdere om ansvaret for vedlikehald og vidareutvikling av norsk fagspråk er godt teke vare på.

Tidlegare undersøkingar har avdekt at engelsk er i framgang som bruksspråk for forskning og utdanning. Det er likevel skilnader, til dømes mellom fagområde og utdanningsnivå. (M. Kristiansen, 2020; Schwach & Elken, 2018; Språkrådet, 2018; Universitets- og høgskolerådet, 2007).

Språkstrategiar eller språkpolitiske retningsliner seier i utgangspunktet ikkje anna enn kva leiinga meiner om fagspråk, på vegne av eigen institusjon. For å gjere ei grundigare analyse har vi nytta andre indikatorar for å syne korleis institusjonane i høgare utdanning arbeider for å halde ved like og vidareutvikle norsk som fagspråk. Vi har derfor analysert eksisterande data frå tidlegare utgreiingar eller rapportar mellom anna for å sjå på utviklinga innan dei emna som vert tekne opp i språkstrategiane.

I siste kapittel summerer vi opp funna og kjem med tilrådingar for vegen vidare.

### 2.2 Bakgrunn

Ei overordna språklov som gjekk ut over "Lov om målbruk i offentleg teneste ("Mållova") vart først varsla i stortingsmeldinga Mål og meining (St.meld. nr. 35 (2007–2008), og ein samla familie-, kultur- og administrasjonskomité slutta seg til at det var behov for ei klar lovforankring av språk i Noreg, jf. Innst. S. nr. 184 (2008–2009). Lovframlegget er no klart, (Prop. 108 L

(2019/2020)). Regjeringa vil “leggje grunnlaget for ein offensiv språkpolitikk som omfattar dei språka den norske staten har ansvar for. Eit hovudmål med språkpolitikken er å sikre norsk som hovudspråket i Noreg, som samfunnsberande språk for heile landet, og som forvaltningspråk i alle sektorar”.

Lov om universitet og høgskolar gjeld alle akkrediterte høgare utdanningsinstitusjonar, og i §1-7 går det fram at (alle) universitet og høgskolar har ansvar for å vedlikehalde og vidareutvikle norsk fagspråk. I tildelingsbrevet for 2019 til dei private høgskulane minner Kunnskapsdepartementet om at alle institusjonar skal ha ein språkstrategi (Kunnskapsdepartementet, 2018). Like eins har departementet i tildelingsbrevet til dei private høgskulane for 2020 gjort det klart at

“Universitetene og høyskolene har et lovpålagt ansvar for norsk som fagspråk. Internasjonaliseringen av forskningen og økt bruk av engelsk gjør det nødvendig at institusjonene har en strategisk tilnærming til denne problemstillingen. Institusjonene og virksomhetene er pålagt å følge målloven. I 2019 også påpekte Språkrådet at et flertall av UH-institusjonene ikke innfrir kravene om at begge målformene skal være representert med minst 25 pst. Departementet ber om at UH-institusjonene følger opp og setter inn nødvendige tiltak.” (Kunnskapsdepartementet, 2019)

Regjeringa arbeider også med ei ny lov om universitet og høgskolar. I framlegget er det framleis ein eigen paragraf (§2.2) om ansvar for vedlikehald og vidareutvikling av norsk som fagspråk. Utgreiinga inneheld eit eige kapittel om at norsk fagspråk er viktig (NOU 2020:3).

Eit søk på institusjonane sine nettsider i august 2020 avslørte at ingen private høgskolar hadde språkstrategiar eller språkpolitiske retningslinjer tilgjengeleg på nett, i motsetnad til dei fleste statlege universiteta og høgskolane. Nokre av dei private utdanningsinstitusjonane har sendt oss språkstrategiane sine som pdf, og nokre melder tilbake at dei arbeider med å utarbeide språkstrategiar.

Jorunn Simonsen Thingnes, som i 2020 disputerte for Ph.d.-graden ved UiO har undersøkt korleis institusjonar arbeider med vedtak og implementering av språkstrategiar, med Samisk Høgskule og HVL som døme. Ho viser til at «[i] 2018 hadde 70 prosent av dei statlege universiteta og høgskulane i Noreg gjort slike vedtak. Korleis institusjonane har gått fram for å utarbeide retningslinjene, og kor omfattande dei er, varierer.» (Thingnes, 2020a, p. 128)

Thingnes avdekkjer at det er ulike diskursar som møtes i eit spenningsfelt når språkstrategiar skal utformast; mellom auka internasjonalisering som fører til auka bruk av engelsk, og sikring av norsk som akademisk språk. Kvar av dei tilhøyrande argumentasjonane er nedfelte i og har støtte frå ulike nasjonale og lokale strategi- og policydokument som gjeld forskning og høgare utdanning, og som gjeld språk. Thingnes viser at ulike grupper ved HVL på ulikt vis nyttar desse dokumenta for å støtte opp om sitt syn (Thingnes, 2020b).

Både Språkrådet, Universitets- og høgskolerådet og Kunnskapsdepartementet viser ved ulike høve til spenninga institusjonane står i, mellom internasjonaliseringsoppdraget og ansvaret for å sikre at norsk fagspråk vert teke vare på og vidareutvikla. Overordna ser vi at språkstrategiane står fram som balanserte dokument i høve til denne dikotomien, der det vert lagt vekt på å ha to tankar i hovudet på ein gong. Språkstrategiane gjev ikkje uttrykk for ein motsetnad.

I rapporten «Parallellspråk og språkpolitikk i UH-sektoren. Status og vyer» finn vi ei samanfating av arbeidet til Språkrådet siste åra. Språkrådet har kartlagt status for språkpolitikken ved norske universitet og høgskolar. Dei har også sett i gang tiltak for å fremje

parallelspråkbruk i UH-sektoren. Rapporten gjev eit godt bilete av arbeidet til Språkrådet, og noverande status, og konkluderer med følgjande framlegg (Kristiansen 2020):

- i. Rapporteringsindikatorar for internasjonalisering og bruksspråk
- ii. Insentiv for forskingsformidling og synleggjering av norsk fagspråk
- iii. Læringsutbyttebeskrivingar med spesifikke mål for språkkompetanse
- iv. Særleg innsats for utvalde fag
- v. Meritteringsordningar for lærebokskrivning og termarbeid. Lærebokordninga.
- vi. Felles nasjonalt terminologi-fagmiljø

Utarbeiding av språkstrategiar, merksemd om utviklinga for norsk som fagspråk og vurdering av om det er naudsynt med tiltak går igjen som tema i tildelingsbrev til sektoren for 2019, 2020 og 2021. Dette gjeld både dei private og dei statlege institusjonane. Kunnskapsdepartementet minner også om at Mållova skal etterlevast (Svendsen, 2020).

## 2.3 Metode

I 2018 undersøkte Språkrådet i kva grad institusjonane i høgare utdanning hadde språkstrategiar i 2014 og 2018. Språkrådets konklusjonen var at «Siden forrige statusrapport i 2014 har en større andel av institusjonene fått etablert en språkstrategi. Men det ser ut til at det er dokumentene som er på plass, ikke den språkpolitiske praksisen.» (Språkrådet, 2018, p. 5)

I tråd med Språkrådet sine undersøkingar definerer vi «språkstrategi» som «retningslinjer som er formulert i et eget, eller som en del av et strategisk dokument ved institusjonen (...)» (Språkrådet, 2018, p. 1)

Vi søkte på 34 institusjonar sine offisielle heimesider etter «språkstrategi» og «språkpolitiske retningslinjer».

I alt 16 institusjonar har språkpolitiske retningslinjer tilgjengeleg på nettsidene, og ni institusjonar sende oss retningslinjene i pdf-format. Vi har dermed undersøkt språkstrategiane til 25 akkrediterte høgare utdanningsinstitusjonar, noko som utgjør vel 70 prosent. Av dei ni som ikkje har strategiar seier sju at dei arbeider med dei med mål om godkjenning i 2021. Samla viser dette at minst 95 prosent av institusjonane har eller arbeider med språkstrategiar ved årsskiftet 2020/2021.

Den samiske høgskolen har eit eige ansvar for samisk som forskingsspråk, og vi har ikkje inkludert han i denne rapporten. Nokre av dei andre institusjonane nemner eit særleg ansvar for samisk i sine språkstrategiar, t.d. NU og UiT. Samisk vert dermed nemnd i samband med deira språkstrategiar. Oppdraget vårt frå Kunnskapsdepartementet gjeld norsk som fagspråk.

Vi har heller ikkje vurdert Politihøgskolen eller Forsvarets høgskoler, sidan dei er finansiert av andre departement enn Kunnskapsdepartementet, og vi ikkje har funne tildelingsbrev som spesifiserer at dei skal utarbeide språkstrategiar. Alle akkrediterte institusjonar i høgare utdanning er omfatta av pålegget i UH-lova om å vedlikehalde og vidareutvikle norsk som fagspråk, men vi finn ikkje spor av dette i dei ope tilgjengelege dokumenta til Politihøgskolen og Forsvarets høgskoler.

## 3 Vurdering av språkstrategiane

### 3.1 Universitets- og høgskolerådet sin språkpolitiske plattform

Universitets- og høgskolerådet (UHR) fekk i 2006 utarbeidd rapporten «Framlegg til ein språkpolitikk for universitet og høgskolar i Noreg» (Universitets- og høgskolerådet, 2006). På bakgrunn av denne rapporten vedtok styret for UHR i 2007 ein språkpolitisk plattform (Universitets- og høgskolerådet, 2007). Den språkpolitiske plattformen var meint som ei støtte til institusjonar i høgare utdanning når dei utarbeider eigne strategiar, og vi ser at formuleringar frå dette dokumentet er brukt i språkstrategiane.

UHR delte den språkpolitiske plattformen inn i punkta «Overordna», «Utdanning», «Forsking», «Formidling og samfunnskontakt» og «Administrasjon og informasjon». Til ein viss grad har vi følgd dette oppsettet i gjennomgangen av språkstrategiane til UH-institusjonane, men vi har også teke med punkt som anten følgjer av andre rapportar og utgreiingar, eller kjem frå strategiane sjølve.

Hausten 2020 undersøkte Respons Analyse språkbruk og språkmedvit blant undervisarar ved offentlege universitet og høgskolar på vegne av Språkrådet. Eit av funna er at 48% av undervisarane kjenner til at det finns språkpolitiske retningslinjer ved universitetet eller høgskolen deira, mot 26 prosent i 2013 (Språkrådet, 2020). Dette kan tyde på auka merksemd om språkpolitikk ved institusjonane.

### 3.2 Ansvarsplassering i institusjonane

Samstundes med at vi søkte på nettet etter språklege retningslinjer leitte vi også etter institusjonane sine overordna strategiar, for å sjå om fagspråk er nemnd der, og kvar på nettsidene dei språkpolitiske retningslinjene/strategiane er plasserte. Dette kan vere ein indikator på kor strategisk viktig fagspråksansvaret er for institusjonane. Vi såg også etter kvar ansvaret for iverksetjing og oppfølging av strategiane var lagt, og til dømes om institusjonane har eigne språkpolitiske utval.

Vi gjekk gjennom 30 institusjonsstrategiar. Fire av dei nemner fagspråk: (UiO (strategi 2030); NHH (strategi 2018-2021); HVL (strategi 2019-2023). HiVo nemner særleg ansvar for nynorsk (strategi 2017-2020). Vi fann ikkje strategiar frå fire institusjonar (RS, BDM, FIH og HFDK) medan 26 institusjonar ikkje har omtala fagspråk i dei overordna strategiane sine. Trass i Kunnskapsdepartementet si vektlegging av ansvaret for fagspråk, både i framlegget til språklov, framlegget til ny UH-lov og i andre dokument som nemnd over, er det forbausande at ikkje institusjonane sine strategiar reflekterer dette.

I dei språkpolitiske retningslinjene til fire av institusjonane (NU, UiB, NIH og HVL) er eigne språkpolitiske utval nemnd som ansvarlege for implementering og rapportering. Andre retningslinjer nemner «leiinga», «fagmiljøa», «universitetet/høgskulen» eller kombinasjonar av desse. UiS og NMBU har også rådgivande organ i språkspørsmål.

UiB, HVL, HiVo gjer det klart at dei tek eit særleg ansvar for nynorsk: «Som ein statleg institusjon for forsking og høgare utdanning skal høgskulen [i Volda] ta i vare og utvikle norsk fagspråk. Vi tek på oss eit særleg ansvar for nynorsk i fag- og profesjonsutdanning» (HiVo).

UiT og NU nemner eit særleg ansvar for samisk. HVL nemner teiknspråk, og KHiO nemner samisk i retningslinene sine, som språk som skal få særleg merksemd.

Nokre av institusjonane inneheld ei oppmoding til nynorskbrukarar om å halde fram med å bruke nynorsk: t.d. UiB og NHH, som har denne formuleringa: «Ansatte og studenter som har nynorsk som hovedmål, oppfordres til å bruke denne målformen».

Av dei 25 institusjonane med tilgjengelege eller tilsende språkpolitiske retningslinjer har berre to institusjonar dokument som utdjupar eller konkretiserer retningslinene/strategiane, nemleg HVL som har ein handlingsplan lett tilgjengeleg frå nettsidene, og NU som har svært konkrete retningslinjer.

Den organisatoriske plasseringa av strategiane/dei språkpolitiske retningslinene kan seie noko om kva status dei har i organisasjonen, om dei er rekna som overordna strategiske dokument, eller som støtte eller ressursdokument. Av dei 25 språklege retningslinene vi har er ni oversend som pdf, og vi veit derfor ikkje kvar dei er plasserte på nettsidene til institusjonane, men i og med at dei ikkje ligg ope tilgjengeleg frå institusjonane sine nettsider trur vi at dei er å finne saman med andre ressursider på tilsettesider eller på intranett. Dei vi kjenner plasseringa til ligg dels under særlege ressursider som til dømes «skrivehjelp» (fire retningslinjer), og dels under sentrale strategiske styringsdokument (11). UiB og NMH sine retningslinjer er plasserte begge stader. Eit fleirtal av retningslinene kan finnast både på norsk (nynorsk og/eller bokmål) og engelsk. NTNU har både nynorsk, bokmål og engelsk, og BI har berre engelsk. At HVL, HiM og HiVo har retningslinene på nynorsk er kanskje ikkje så overraskande, men også HiØ og BAS har det.

Tabell 3.1 Oversyn over når strategiane vart vedtekne eller sist oppdaterte

2007	2009	2010	2013	2014	2018	2019	2020	Ukjent	Under arbeid
UiT	NTNU	UiO	UiA	KHiO HiVo	NU HVL	OsloMet UiB NHH HINN UiS	HK NMBU HiM HiØ HDK NIH NMH HDK	NIH NMH AHO	FHI DMMH ATH LDK NLA MF VID
1	1	1	1	2	2	5	8	3	7

(Kjelde: Strategiane, jfr tabell 1.1)

Fleire av institusjonane sine språkstrategiar nemner også engelsk, som t.d. HVL: «Engelsk er det rådande fellesspråket i det internasjonale fellesskapet av og for universitet og høgskular. Å sørge for tilfredsstillande engelskkunnskapar for tilsette og studentar ved HVL, både skriftleg og munnleg, vert ei viktig oppgåve for høgskulen i åra framover.»

Oppsummert ser vi at institusjonane har eller arbeider med språkstrategiar/språklege retningslinjer, men dette er stort sett ikkje reflektert i dei overordna strategiane til institusjonane. Styringssignala frå Kunnskapsdepartementet i tildelingsbrev, og Lov om universitet og høgskolar skulle tilseie at institusjonane hadde eit høgare fokus på dette.

### 3.3 Parallellspråk

Universitets- og høgskolerådet legg vekt på parallellspråklegheit. I april 2006 underteikna Nordisk ministerråd for utdanning og forskning (MR-U) den nordiske språkdeklarasjonen. Her heiter det mellom anna "The parallel use of language refers to the concurrent use of several languages within one or more areas. None of the languages abolishes or replaces the other; they are used in parallel." (Nordiska ministerrådet, 2006)

Parallellspråklegheit vert eksplisitt nemnd av 16 retningsliner, og vert omtala slik av t.d NTNU: «Det inneber eit språkleg mangfald der norsk vert nytta ved sida av eitt eller fleire framandspråk.» og HiM: «Dette betyr at norsk vert ivarettatt som hovudspråk samtidig som det leggst til rette for eit større språkleg mangfald, der engelsk er det primære framandspråket.»

I doktoravhandlinga ser Jorunn Simonsen Thingnes likevel at bruken av omgrepet parallellspråklegheit ikkje vert tolka likt av ulike aktørar som deltek i utforming av språkstrategiar/språkpolitiske retningsliner. Det kan gjere det enklare å oppnå semje internt på institusjonen. (Thingnes, 2020b)

### 3.4 Publiseringsspråk for forskning

Det er ålmenn semje mellom KD og UH-institusjonane om at engelsk er det primære vitenskaplege publiseringsspråket.

Strategiane er også samstemte om at det er opp til den einskilde forskar å velje kva språk han eller ho vil publisere på, både ut frå det tiltenkte publikummet og faglege normer. Nokre av strategiane har formuleringar som UiS: «Det er opp til den einskilde forskaren å velje språk i vitenskaplege publikasjonar.» «Forskningsformidling bør skje på det språket som er mest formålstenleg for dei aktuelle målgruppene.»

På den andre sida kan vi vise til det såkalla Helsinki-initiativet, som fremjer fleispråklegheit i forskinga. Helsinki-initiativet vart initiert av m.a. UHR, og vart signert av UHR styret 20. februar 2019, og å støtte det vert sett på som eit viktig signal om det lovpålagte ansvaret for norsk fagspråk i UH-lova. (Federation of Finnish Learned Societies, 2019) Samstundes vil ein kunne hevde at HI er lite kjent i sektoren og at ingen av UHRs medlemmer så langt har signert.

Kva moglegheiter finns til å publisere forskingsresultat på norsk?

#### 3.4.1 Nivå 2-tidsskrift på norsk.

Nivå 2-tidsskrift er dei med høgast rangering av norske publikasjonskanalar, og dermed dei det er størst prestisje og økonomisk vinst knyta til å publisere i. I NSD sitt oversyn over vitenskaplege publiseringsskanalar er det 2 121 tidsskrift som kjem opp ved å sortere på nivå 2 i 2020. På nivå 2 skal faga sjølve identifisera publiseringsskanalar som er leiande internasjonalt, sett frå ulike land. Internasjonale språk vil då i all hovudsak vere ein føresetnad for at ein kanal kan vurderast til nivå 2. Av desse er det fem som opplyser at dei godtek norsk som publiseringsspråk. Tre er innanfor rettsvitenskap (Retfærd. Nordisk Juridisk Tidsskrift; Tidsskrift for Rettsvitenskap; NIR : Nordiskt immateriellt rättsskydd) og to innanfor humaniora (Edda. Nordisk tidsskrift for litteraturforskning; Maal og Minne). For fagfelte nordiske språk og rettsvitenskap vil norsk språk i nokre samanhengar vere å forstå som eit internasjonalt språk, då forskingsfeltet (norsk/nordisk litteratur) og rettsvitenskap (nasjonalt lovgiving) er nasjonalt. Ein har eit internasjonalt forskarfellesskap som beherskar det norske språket i desse faga.

Også nivå 2-tidsskrift utgjeve av det norske Universitetsforlaget, som til dømes Nordic Journal of Religion and Society godtek berre artiklar på engelsk.

28 norskspråklege tidsskrift får støtte gjennom ei konsortieordning for å sikre open tilgang til gode fagtidsskrift på norsk i humaniora og samfunnsvitenskap. Ordninga er unik i internasjonal samanheng og har ei språkpolitisk grunngeving: «Regjeringen er opptatt av at den åpne publiseringen på norsk kvalitetssikres godt. Støtten er språkpolitisk begrunnet og skal gå til tidsskrifter av høy kvalitet som vurderes som sentrale i sine fagområder» (openaccess.no, 2020).

UiB sine språkpolitiske retningslinjer inneheld eit punkt om at universitetet skal «bidra til å opprettholde norskspråklige, vitenskapelige tidsskrifter», utan at det vert nærare konkretisert.

### 3.4.2 Tilbakegang for norsk som språk i masteroppgåver

Strategiane legg i liten grad føringar på kva språk masteroppgåver skal skrivast på, men NTNU, NU, NMH, HVL og NMBU krev at oppgåvene skal ha eit samandrag på det «andre» språket (norsk viss oppgåva er skriven på engelsk, og omvend). Ved HVL og NU skal også bacheloroppgåver på norsk eller engelsk ha engelsk eller norsk samandrag, høvesvis.

I NIFU-rapporten «Å snakke fag på et språk andre forstår. Norsk fagspråk i høyere utdanning og arbeidsliv» frå 2018 ser forfattarane på utviklinga av bruk av norsk i masteroppgåver i utvalde år frå 1986 – 2016. Særleg frå 2001 minkar delen norskspråklege masteroppgåver. I 2001 var 68 prosent av masteroppgåvene på norsk, 64 prosent i 2006 og 56 prosent i 2016 (Schwach & Elken, 2018).

Og tendensen held seg. Ved å søke i NORA-databasen (nora.openaccess.no) etter studentarbeid, master, med fasettar for språk finn vi at i 2019 var delen norske masteroppgåver 52 prosent. NIFU-rapporten nemnd over baserte seg på søk i Bibsys og Oria, slik at tala ikkje fullt ut kan samanliknast. Tendensen er likevel tydeleg og god grunn til at vi vil føreslå å undersøkje bakgrunnen for denne utviklinga.

Når det gjeld rein vitenskapleg forskingspublisering viser språkstrategiane at det altså er engelsk som er det føretrekte språket. Det er likevel høve til publisering på norsk, også i høgt rangerte tidsskrift innanfor eit par fagområde, og ei rekkje norskspråklege tidsskrift i humaniora og samfunnsvitenskap vert finansiert gjennom eit «open access»-konsortium.

## 3.5 Språk i lærebøker utgjevne i Norge

Ingen av strategiane nemner eksplisitt skiving av norske lærebøker som ein ønska aktivitet. Dette har likevel vore eit emne som har oppteke forlaga og Språkrådet. (M. Kristiansen, 2020)

Språkstrategien til HVL seier: «Fagfolk/forskarar ved HVL skal oppmuntrast til å arbeide med å utvikle og utarbeide norsk terminologi innanfor sine akademiske felt, og å kommunisere denne til studentane og til ålmenta. Forskarar skal òg oppmuntrast til å omsetje utanlandske verk/arbeid og faglitteratur til norsk».

NTNU har ein litteraturpris som annakvart år vert delt ut til skjønnlitteratur, og annakvart år til faglitteratur på norsk.

I NIH sin språkstrategi heiter det: «[Stipendiater og vitenskapelig ansatte] bør oppmuntres til å skrive populærvitenskapelige artikler for bl.a. forskning.no, kronikker og debattinnlegg i aviser, fagbøker, samt holde foredrag og delta i samfunnsdebatten.»


UiS vil at «[u]niversitetet skal oppmode til og syte for gode insentivordningar for å stimulere til formidling på norsk for å nå ut til eit breitt publikum.»

I NIFU-rapporten «Læremidler og formidling i høyere utdanning» frå 2016 vert eit «læremiddel» definert som «en forlagsuttgitt tekst som kan brukes i undervisningen i høyere utdanning» (Sivertsen et al., 2016), medan publiseringsutvalet til UHR beskriv lærebøker slik:

«Lærebøker presenterer i utgangspunktet allerede kjent kunnskap til studenter og skiller seg her fra vitenskapelige publikasjoner. Lærebøker kan meget vel være basert på den nyeste forskningen innenfor et felt, men lever normalt ikke opp til kravet om å presentere ny innsikt på bakgrunn av en forskningsinnsats, som ikke tidligere har vært utgitt. I den utstrekning det inngår vesentlig nytt vitenskapelig innhold i en lærebok (tilsvarende en ny monografi), basert på forfatterens egen forskning, som ikke tidligere har vært publisert, kan boken registreres som en forskningspublikasjon, såfremt det foreligger en fagfelleevaluering som godtgjør dette.»

Cristin (Current research information system in Norway) er det nasjonale forskningsinformasjonssystemet, som mellom anna skal samle og gjere informasjon om norsk forskning tilgjengelig. Sjølv om Cristin er meint for registrering av forskningspublikasjonar, er det likevel høve til å registrere andre typar vitenskapleg kommunikasjon, som til dømes lærebøker.

Figur 3.1 Lærebøker på ulike språk 2011-2020




Kjelde: Unit: Cristinregistreringar: lærebøker med norskandel

Ut frå Cristin-statistikken for lærebøker kan det sjå ut som delen norske lærebøker held seg nokså jamn (tala for 2020 dekkjer ikkje heile året). Lærebøker inngår ikkje i finansieringsmodellen, og forfatarane har dermed ikkje det same insentivet til å registrere dei i Cristin. Det kan tyde på ei viss underregistrering.



Kunnskapsdepartementet har sidan 1984 finansiert ei støtteordning for produksjon av læremiddel på norsk som svar på den stadig sterkare konkurransen frå engelskspråklege læremiddel – [lærebokordninga](#) (*Lærebokutvalget for høgare utdanning*). Frå 2018 er lærebokordninga administrert av Diku. Ordninga skal også bidra til jamstilling mellom målformene, og nynorsk og samisk har prioritet i ordninga. I dag vert støtta gitt som utgjevingsstøtte til norske forlag for produksjon av pensumlitteratur med avgrensa kommersiell interesse.

Figur 3.2 Tal bøker som har søkt støtte gjennom lærebokordninga kvart år, og tildelingar, 2010-2019:



Kjelde: Diku

Interessa for Lærebokordninga har vore ganske jamn over tid, med 80-130 søknadar per år den siste tiårsperioden. Tilsvarande har det vore tildelt midlar til ca. 60-100 bøker kvart år.

Meir detaljert informasjon om tildelingane kjem i ein annan del av oppdraget frå KD, der Diku skal gjere ein gjennomgang av Lærebokordninga med frist 01.04.2021. «Formålet med gjennomgangen er å vurdere om det er behov for endringer i ordningen i lys av den språksituasjonen som preger norsk høgere utdanning i dag. Departementet ber Diku gi en analytisk beskrivelse av ordningen og vurdere alle forhold ved den som kan ha overordnet betydning, inklusive formål, roller og ansvar, kriterier for tildeling (herunder målform, genre/nivå og medium), samt administrative prosedyrer.» Lærebokordninga har også vore evaluert tidlegare (Sivertsen et al., 2016).

Sjølv om lærebokskriving ikkje er eksplisitt nemnd i språkstrategiane ser vi at det vert skrive ein del lærebøker på norsk kvart år. Det er uklart i kor stor grad dette er resultat av strategiske avvegingar i institusjonane, eller om initiativa kjem frå forlaga eller forfattarane sjølve. Det er rom for at den ein skilde institusjon har insitament for skriving av lærebøker på norsk. Vi ser skriving av lærebøker på norsk som kvalitetshevande tiltak i utdanningane.

### 3.6 Populærvitenskapleg formidling og artiklar i oppslagsverk i Norge

Andre måtar å formidle forskning og fag på er ikkje nemnde i strategiane. Vi finn likevel døme på at institusjonane, fagmiljø eller einskildtilsettekjenner eit ansvar for å delta i vedlikehald og vidareutvikling av norsk som fagspråk gjennom forskingsformidling utan at dette er omtala eksplisitt i strategiane, eller at ulike former for insitament vert nemnde.

Vi kan nemne fagleg formidling i form av artiklar i Store norske leksikon (SNL). SNL er eigd av dei 10 norske universiteta, HVL, NMH og fleire andre ideelle organisasjonar. SNL har 922 fagansvarlege ved inngangen til 2021, og vel 60 prosent er forskarar ved eit universitet eller ein høgskule. SNL har 178.204 artiklar og opp mot 3,1 millionar unike brukarar i månaden (januar 2021) (Bolstad & Åmås, 2021).

Universiteta og høgskulane er også inne som eigarar av nettstaden forskning.no, her er 77 norske forskingsinstitusjonar medlemmer. forskning.no omtalar seg sjølv som ei nettavis for norske og internasjonale forskingsnyhende, og tilbyr forskarar frå medlemsinstitusjonane å sende inn artiklar som blir vurdere og redigerte av ein eigen medlemsdesk. I hovudsak vert slike bidrag skrivne av kommunikasjonsmedarbeidarar (N. Kristiansen, 2020).

Spørsmålet kring ein formidlingsindikator for finansieringssystemet for universiteta og høgskular vart drøfta i to rundar i 2005-2006 av UHR-opptemnte utval under leiing av rektor Torunn Klemp. Årsaka til at forslaga frå 2005-2006 ikkje blei tatt inn i finansieringssystemet (og at to ekspertutvalseinare har frårådd det) var ikkje primært ueinigheita i sektoren, men problema med avgrensing og dokumentasjon. (Ekspertgruppe oppnevnt av Kunnskapsdepartementet, 2014; UHR, 2006; Vagstad et al., 2007)

«Det finnes ikke tegn til at formidling nedprioriteres på institusjonene selv om det ikke gis insentiver på dette området i finansieringssystemet. Tvert i mot tyder undersøkelser på at faglig ansatte i UH-sektoren deltar i formidlings- og kunnskapsoverføringsaktiviteter i stort omfang» (Ekspertgruppe oppnevnt av Kunnskapsdepartementet, 2014, p. 10)

Ekspertgruppene ser ikkje at det er naudsynt å opprette egne insentiv for allmenn- og brukarretta formidling i det nasjonale finansieringssystemet, og grunngeve det mellom anna med problem med avgrensing og dokumentasjon. For dei to særlege områda vi har nemnd over (snl.no og forskning.no) vil truleg dokumentasjon og avgrensing vere lett tilgjengeleg gjennom dei to nettstadane sine egne system, og vil kunne rapporterast direkte derfrå om ønskeleg.

Det er også rom for at den einskilde UH-institusjonen opprettar egne belønningssystem for norskspråkleg formidling.

### 3.7 Termarbeid, anna fagspråkarbeid

Eit av framlegga i Kristiansen-rapporten var å opprette eit samla nasjonalt terminologifagmiljø. SNL definerer terminologi «Terminologi er ord og uttrykk – termer – som er typiske for en virksomhet, et fag eller en vitenskap.» (Nordbø, 2021)

Institusjonane kan her få god hjelp av UHR, som bidreg aktivt i arbeidet med termdatabasane. Dei har forvalta ein studieadministrativ termbase for sektoren sidan 2005. UHRs termbase er tilgjengeleg i Termportalen. Ei arbeidsgruppe med representantar frå universiteta og høgskulane har i oppgåve å oppdatere denne (UHR, 2005).

Dette er også viktig i språkstrategiane. 16 av retningslinene brukar omgrepet «termarbeid» eller tilsvarande, til dømes UiA: «skal universitetet ivareta norsk fagspråk og formidling på norsk. (...). Universitetet skal fremme og utvikle bruk av norsk språk og norsk fagterminologi både i undervisning og forskning» og USN: «USN skal ikke medvirke til en utvikling mot norsk som B-språk, men derimot fremme utviklingen av god vitenskapelig terminologi på norsk».

NU og NTNU, t.d. nemner også engelsk: NU: «De språkpolitiske retningslinjene skal bidra til å sikre det norske språket og norsk fagterminologi, utvikle samisk språk og fagterminologi, og forbedre bruken av engelsk ved universitetet.»

NHH og BI spesifiserer at dei har eit ansvar «innenfor de økonomisk-administrative fagområdene», medan HiVo særleg nemner ansvar for nynorsk fagterminologi.

Ansvar for termarbeidet ligg på kvar institusjon (jf. § 1-7), medan UiB har fått ansvar for infrastrukturen, dvs. Termportalen, og for å opprette eit terminologisk miljø. Dette er omtala slik i Språklova:

Kunnskapsdepartementet og Kulturdepartementet vil i samarbeid med Universitetet i Bergen leggje til rette for utvikling og drift av Termportalen ved Universitetet i Bergen. Tiltaket skal bidra til å styrkje arbeidet med utvikling og formidling av norsk fagspråk i UH-sektoren og å gjere norskspråkleg terminologi tilgjengeleg for samfunnet elles. (Prop. 108 L (2019/2020), p. 73)

Det språkfaglege miljøet i Bergen har drive forskings- og utviklingsarbeid med terminologi sidan 1970-åra, og var frå 1980-talet av det sterkaste fagmiljøet i landet og eitt av dei viktigaste i Norden, i tett samarbeid med Noregs handelshøgskole på dette feltet, noko som m.a. har resultert ifleire doktorgradsavhandlingar. Samarbeidet har òg handla om dei teknologiske aspekta. Mellom anna på grunnlag av terminologiressursane på UiB utvikla miljøet ved NHH i samarbeid med Språkrådet den såkalla Termportalen, som er den største terminologiressursen i Noreg (Universitetet i Bergen, 2020).

### 3.8 Språkopplæring for fagtilsette med internasjonal bakgrunn

Ein av tilrådingane frå Nordisk Ministerråd i «More Parallel, please»-rapporten er at fagleg tilsette med ikkje-skandinavisk språkbakgrunn må få opplæring i det lokale språket, både som undervisningsspråk og «sosialt» språk (Gregersen, 2018).

Fem av retningslinjene nemner ikkje språkopplæring (AHO, HiM, KHiO, HiVo og RS), og ei (HK) nemner det for leiarar, ikkje for fagleg tilsette. Av dei 19 som omtalar språkopplæring er det ulik grad av kor konkret og forpliktande retningslinjene er. Dei mest konkrete inneheld reglar for kor lang tid den tilsette har på å fullføre eit bestemt nivå av norskkunnskap, kven som har ansvaret og korleis det må leggest til rette.

Eit døme er frå Nord Universitet: «Ansatte i undervisningsstillinger som ikke behersker norsk skal gis tilgang til norsk språkkurs og språklig veiledning i arbeidstiden. Alle ansatte i undervisningsstillinger bør gis tilgang til engelsk språkkurs og språklig veiledning» (...) «Vitenskapelige ansatte som ikke behersker norsk eller annet skandinavisk språk ved ansettelse bør kunne forstå norsk tale, håndtere spørsmål på norsk fra studenter og ha en norskspråklig forståelse som medfører at de kan delta på norskspråklige møter i løpet av to år etter ansettelse.»

11 av institusjonane har tilsvarande konkrete og forpliktande formuleringar i retningslinjene eller viser til tilsetjingsreglementet (NTNU og OsloMet). (HVL seier “nokre år” om tidshorizonten). Andre av institusjonane kan også ha reglar om dette i tilsetjingsreglementet, vi har ikkje undersøkt det spesifikt.

NINJA (Norsk i akademia)-prosjektet ved UiB har utforska kva plass og vilkår det norske språket har blant internasjonalt tilsette ved norske universitet og høgskular. Prosjektet definerer internasjonalt tilsette som dei som ikkje har norsk eller eit av dei skandinaviske

språka som morsmål. I ei spørjeundersøking med svar frå over 1700 internasjonalt tilsette frå 12 ulike institusjonar svarar halvta av dei tilsette i forskings- og undervisningsstillingar at dei sjeldan eller aldri bruker norsk på møter, og endå fleire at dei sjeldan eller aldri skriv e-postar på norsk. Blant dei som underviser og rettleier studentar, gjer heile to tredelar dette sjeldan eller aldri på norsk (Gujord et al., 2020).

Prosjektet har også funn som viser at dei internasjonalt tilsette opplever lite fokus på – og tilrettelegging for – språklæring på institusjonane, trass i at mange uttrykker eit ønske om å lære norsk. Fleirtalet (58 prosent) av dei som ikkje kunne noko norsk då dei vart tilsette, svarar nemleg at norsk språk ikkje var eit tema under jobbintervjuet. 44 prosent er usamde eller svært usamde i at arbeidsgjevar signaliserte at norsk var viktig etter tilsetjinga, og like mange er usamde eller svært usamde i at arbeidsgjevar har lagt til rette for norsklæring (Gujord et al., 2020).

Sjølv om det finns språklege retningslinjer ved mange institusjonar, med krav til kva ferdigheiter internasjonalt tilsette skal ha på norsk tyder funna til NINJA-prosjektet på at desse krava i stor grad har vore «sovande». Det ser også ut til å vere ulik praksis og varierende tilrettelegging for norskopplæring både internt på enkeltinstitusjonane og i sektoren generelt (Gujord et al., 2020).

Dei språkpolitiske retningslinjene seier ikkje noko om kva som eventuelt skjer med tilsetjingsforholdet til fagleg tilsette som ikkje oppfyller språkkravet innan den fastsette tida.

Det er komplisert å la manglande tileigning av norsk få konsekvensar for tilsette, og Jan Frode Knarvik frå HR-avdelinga ved UiB har ikkje høyrte om oppseiingar av denne grunnen. Sjølv om norskkravet går fram av både utlysingstekst og arbeidsavtale må ein ta omsyn til den totale jobbutføringa. Innan nokre fagområde fungerer det fint med engelsk, medan ein i andre fag har ei større behov for å kunne norsk. Der er erfaringane at den tilsette legg ein større innsats i å lære språket. Det er uansett naudsynt med ei gradvis oppfølging. Gode norskkunnskapar er viktig for inkludering og integrering i samfunnet, og i arbeidsfelleskapen. Opplæring og oppfølging er nøkkelord her.

Eit døme finns i den nyleg reviderte språkstrategien til UiS. Her går det fram at «Kravet om at fast tilsette med ikkje-skandinavisk språkbakgrunn skal lære seg norsk innan den perioden som er avtalt ved tilsetjing, skal følgast systematisk opp.» HR-direktør Halfdan Hagen, UiS, nemner at ei tilsvarande formulering fans i den tidlegare strategien, men UiS opplevde at dette ikkje vart følgt opp i høve til dei internasjonalt tilsette i tilstrekkeleg grad. Oppfølginga vil gå langs tre spor: Opplæring, der norskkurset UiS tilbyr sine internasjonalt tilsette skal betrast, og dei internasjonalt tilsette må bestå ein fastsett prøve. Universitetet skal utvikle betre oppfølgingsrutinar, der leiarane får ei sterkare rolle i å melde internasjonalt tilsette på kurs, og også å sjå til at dei gjennomfører. I tillegg skal leiarane få rettleiing i korleis dei skal følgje opp, særleg for dei som ikkje oppfyller krava (personleg kommunikasjon). UiS skriv også i retningslinjene at dei «skal ha tilbod om formell og uformell norskopplæring for tilsette med ikkje-skandinavisk bakgrunn».

Språkstrategiane nemner norskopplæring av internasjonalt tilsette, og ein del har nokså forpliktande utsegner. Samstundes viser funn frå NINJA-prosjektet at det er eit stykke å gå før norskopplæringa er på plass. Talet internasjonalt tilsette, dei NIFU kallar «mobile akademikarar» aukar, og institusjonane bør sikre opplæring og oppfølging, slik at kunnskapsnivået vert tilfredsstillande for undervisning på norsk.

### 3.9 Undervisningsspråk

Kva seier språkstrategiane om undervisningsspråk? Er det faglege grunngevingar for å undervise på norsk, engelsk eller andre framandspråk? I kor stor grad og til kva grupper studentar vert undervisninga gjeve på norsk?

I alt 19 institusjonar nemner eksplisitt at norsk er undervisningsspråket

Det vert likevel framheva at det kan vere skilnad på nivåa, der norsk er undervisningsspråket på (dei første delane av) bachelor/lågare grad og at norsk og engelsk skal brukast parallelt på master, dette gjeld i ulike grad 12 retningslinjer. HVL brukar praktiske heller enn «faglege» grunngevingar for at undervisning kan vere på engelsk: «som når læraren ikkje beherskar norsk, når undervisninga inngår i kurs innanfor ramma av HVL sitt internasjonale samarbeid o.l.» NU oppmodar til bruk av to-språklege termordlister når det vert undervist på engelsk for norskspråklege studentar.

UiO sin språkstrategi uttaler:

- «Språkpolitikken ved universitetet skal utformes slik at den ivaretar og utvikler bruk av norsk språk og fagterminologi
- Engelsk eller andre fremmedspråk skal brukes i de sammenhenger der det er faglig hensiktsmessig eller nødvendig
- Vitenskapelig publisering skal skje på det språket som er mest relevant for den enkelte vitenskapelig ansatte
- I undervisning og annen faglig formidling bør språklig kompetanse være del av læringsutbyttet»

Ved UiT skal det «tas hensyn til formålet med utdanningen» når undervisningsspråket vert fastsett

NHH: «Norsk og engelsk er begge viktige språk i undervisningen i NHHs masterstudier. Valg av språk skal reflektere faglige og pedagogiske hensyn.»

Tilstandsrapport for høgare utdanning viser i tabell V2.55 korleis utviklinga av delen engelskspråklege emne har vore dei siste åra. Her går det fram at om lag 25 prosent av emna som vart gjeve til eksamen i 2019 hadde planlagt å ha undervisninga på engelsk ved oppretting av emnet i Felles Studentsystem. Talet er snitt for alle emne. Tabellen viser også ei jamn auke frå 2010; då var snittet 14 prosent (Diku, 2020).

Tilsvarande tal for tal studentar som er oppmelde i dei ulike emna viser den same auken, frå om lag 10 prosent emne med planlagt undervisningsspråk engelsk i 2011 til vel 18 prosent i 2019 (tala for 2020 er ikkje fullstendige)

Tabell 3.2: Planlagt undervisningsspråk norsk/framandspråk. Utvalde år. Prosent.

	2011	2013	2015	2017	2019
Framandspråkleg	10,5	11,4	13,4	15,5	18,2
Norsk	88,7	87,8	85,7	83,5	80,8
Språkutdanning	0,8	0,8	0,9	1,0	1,0

(Kjelde: NSD) Studentar meldt opp til eksamen .

I desse tabellane er «framandspråk» planlagt undervisningsspråk anna enn norsk, men ikkje i språkutdanning. I praksis tyder det «planlagt undervisningsspråk» = engelsk.

Dersom vi ser på talet oppmelde studentar for dei same åra, fordelt på fagområde, ser vi store skilnader. Auken frå 2011 til 2019 er den same, men delen engelskspråklege emne skil seg kraftig i dei ulike fagområda.

Tabell 3.3 Planlagt undervisningsspråk norsk/framandspråk. Utvalde år. Prosent.

	2011	2013	2015	2017	2019
<b>Helse-, sosial- og idrettsfag</b>					
Framandspråkleg	3,8	3,5	4,3	4,8	5,8
Norsk	96,2	96,5	95,7	95,2	94,2
<b>Humanistiske og estetiske fag</b>					
Framandspråkleg	6,2	6,4	7,9	9,9	9,9
Norsk	86,6	85,8	83,7	80,9	80,4
<b>Lærerutdanningar og pedagogikk</b>					
Framandspråkleg	1,9	2,1	2,4	3,7	5,0
Norsk	98,1	97,9	97,6	96,3	95,0
<b>Naturvitenskaplege fag, handverksfag og tekniske fag</b>					
Framandspråkleg	18,9	20,6	25,4	30,8	34,2
Norsk	81,1	79,4	74,6	69,2	65,8
<b>Samfunnsfag og juridiske fag</b>					
Framandspråkleg	13,3	14,2	15,8	17,0	18,8
Norsk	86,7	85,8	84,2	83,0	81,2
<b>Økonomiske og administrative fag</b>					
Framandspråkleg	10,2	11,8	13,6	16,0	19,4
Norsk	89,8	88,2	86,4	84,0	80,6

Kjelde NSD. Studentar melde opp til eksamen. Fordelt på fagområde.

I tabell 3.3 ser vi at prosentdelen studentar som er melde opp i emne med planlagt undervisningsspråk norsk varierer frå 95 prosent i lærarutdanningar og 94 prosent innan helse, sosial og idrettsfag, til 66 prosent i naturvitskaplege, handverks- og tekniske fag. Samfunnsfag og juridiske fag, humanistiske og estetiske fag og økonomiske og administrative fag har vel 80 prosent studentar som er oppmelde i emne med planlagt undervisningsspråk norsk.

Tabell 3.4 Planlagt undervisningsspråk norsk/framandspråk. Utvalde år. Prosent.

	2011	2013	2015	2017	2019
<b>Høgare grad</b>					
Framandspråkleg	38,0	38,7	42,1	43,4	43,5
Norsk	61,4	60,7	57,4	56,0	55,9
<b>Lågare grad</b>					
Framandspråkleg	4,8	5,7	7,0	8,8	11,6
Norsk	94,3	93,3	92,0	90,0	87,3

Kjelde NSD. Studentar melde opp til eksamen. Prosentdel framandspråk/norsk. Fordelt på grad.

Data frå NSD viser også at det er skilnader på talet eksamensoppmelde studentar i norskspråklege eller framandspråklege emne på lågare eller høgare grad: I underkant av 90 prosent av studentane er på norskspråklege emne på lågare grad i 2019, medan prosentdelen er 56 prosent på høgare grads emne. Her ser vi også den same tendensen til minkande del norskspråklege emne over tid.

58 prosent av undervisarane hadde undervist på engelsk i løpet av dei siste to åra (mot 59 prosent i 2013) i følgje undersøkinga til Respons Analyse hausten 2020. Eit anna interessant funn er at vel ein firedel (27 prosent) av undervisarane har måtta byte undervisningsspråk til engelsk ved semesterstart på grunn av utvekslingsstudentar. Dette gjeld ein enda større del (40 prosent) blant dei som underviser i naturvitskaplege fag. Samstundes er det berre 4 % som opplyser at dei vart tilbodne hjelp/støttetiltak i samband med ei slik språkomlegging. (Språkrådet, 2020)

I strategidokumenta vert nokre konkrete situasjonar for når det kan vere aktuelt å undervise på engelsk nemnd, i tillegg til at det kan vere meir aktuelt på høgare grad. Det gjeld til dømes dersom emnet har engelskspråklege studentar, eller dersom undervisar ikkje er god nok i norsk til å kunne undervise.

I følgje NIFU sin mangfaldsstatistikk er det i overkant av 30 prosent innvandrarar eller barn av innvandrarar som er fast tilsett ved UH-institusjonar i 2018. Mangfaldsstatistikken viser at innan UH-sektoren er det ein mindre del av dei fast tilsette som er «barn av innvandrarar» og dermed vakse opp i Noreg, men dei fleste er det NIFU kallar «mobile akademikarar» (Gunnes & Steine, 2020).

Tabell 3.5 Innvandrarak blant forskarpersonale. Utvalde år. Prosent.

	2007	2010	2014	2018
Humaniora og kunstfag	17,7	19,9	24,6	29,3
Samfunnsvitenskap	12,1	13,4	17,1	21,4
Matematikk og naturvitenskap	28,0	35,5	43,8	48,2
Teknologi	28,8	41,8	41,9	49,2
Medisin og helsefag	16,6	17,5	20,5	25,8
Totalt universitet og høøgskolar	19,2	23,5	26,9	31,6

(Kjelde: NIFU: Mangfoldsstatistikken, FoU-statistikkbanken.) Innvandrarak blant forskarpersonale etter fagområde, sektor (universitet og høøgskolar), og stilling (fast).

I dette oversynet som er delt på fagområde har vi teke med forskarpersonale som er i faste stillingar, og gått ut frå dei underviser. Ein stor del av doktorgradsstipendiatar underviser også, men i denne statistikken er dei slått saman med postdoktorar som vanlegvis ikkje underviser, slik at kategorien ikkje er like relevant for oss. . Andre delar av statistikken viser at det har vore ei sterk auke i delen stipendiatar med utanlandsk bakgrunn.

Delen fast tilsette med innvandrarakbakgrunn er ulikt fordelt på dei ulike fagområda. I 2018 er nesten halvparten av dei fast tilsette innan fagområda matematikk, naturvitenskap og teknologi innvandrarak. I 2007 låg delen på i underkant av ein tredel. Dette kan tyde på at det er innan desse fagområda at undervisningsspråket i størst grad vert engelsk. Men mangfoldsstatistikken viser også at hovuddelen «mobile akademikarakar» kjem frå Tyskland eller Sverige (Gunnes & Steine, 2020)

Kva er stoda for språkpreferansane til studentar? I Felles Studentsystem må studentar oppgje kva språk dei ønskjer at lærestaden skal kommunisere med dei på.

Tabell 3.6 Kommunikasjonsspråk. Utvalde år. Prosent.

	2011	2013	2015	2017	2019
Ukjent	8,2	7,5	4,8	4,3	2,2
BOKMÅL	78,6	79,0	81,2	81,1	82,5
ENGELSK	9,1	10,0	10,6	11,1	12,1
NYNORSK	4,4	3,9	3,6	3,6	3,4

(Kjelde: Unit, Felles Studentsystem) Studentar med kommunikasjonsspråk norsk og engelsk.

Sidan 2020 til ein viss grad har vore eit unntaksår for innreisande studentar held vi dette året utanfor. Vi ser då at i snitt om lag 10 prosent av studentane ønskjer å kommunisere på engelsk, og at denne delen er svakt stigande, til 12 prosent i 2019.

Sjølv om dei aller fleste språkstrategiane/språkpolitiske retningslinene seier at det er norsk som i hovudsak er undervisningsspråket viser data frå andre kjelder eit litt anna bilete. Talet studentar som er oppmelde til eksamen i emne med norsk som planlagt undervisningsspråk har minka utover i tiåret, og det er nokså stor skilnad på talet norskspråklege emne innan ulike fagområde. Vel helvta av språkstrategiane opnar for at masteremne kan ha undervisning på engelsk, og tala frå NSD viser at dette har skjedd. Samstundes ser vi at talet



framandspråklege tilsette av typen «mobile akademikarar» aukar, og at det også er ein viss auke i talet studentar som ønskjer å kommunisere med institusjonen sin på engelsk.

Læringsutbyttebeskrivingar kan vere eit verkemiddel for KD i denne samanhengen. Det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket (NKR) inneheld ferdigheiter, både reint faglege og meir ålmenne, som studentar skal tileigne seg gjennom studia. Desse vert så tilpassa og konkretisert i dei ulike studieprogramma ved institusjonane. Tydelegare vekt på fagspråkkunnskap i NKR vil vere ei hjelp for fagmiljøa til å konkretisere korleis dei tek vare på ansvaret sitt.

Likeeins kan utvikling av eit eige universitetspedagogisk emne særleg retta mot fagspråk- og terminologiarbeid føre til at dette vert ein meir naturleg del av undervisinga, og til hjelp for undervisarane.

### 3.10 Studielitteratur

Nokre av strategiane (t.d. UiB, NU, NIH og HSDK) oppmodar til bruk av norskspråkleg studielitteratur når det finns like gode norske alternativ, som engelske. I NIFU/Kopinor sin rapport frå 2013 om språk i pensum går det fram at delen pensum på norsk i bachelorutdanningane då var på vel tre firedelar, men ulikt fordelt innanfor fagfelte. Denne rapporten dekkjer nokre utvalde fagområde (biologi, fysikk, historie, informatikk, rettsvitskap, sjukepleie og økonomi) (Schwach & Mæsel, 2013).

Unit har samla inn data for språk frå studieåret 2019/2020 fordelt på institusjon. Statistikken inneheld data om kva bøker som er lagt inn i pensumlistesystemet Leganto, og språkdata vedrørande desse bøkene, henta frå bibliotekcatalogsystemet Alma. Til ein viss grad ser databasen til å innehalde språkdata for bokkapittel brukt som pensum. Dette er eit godt stykke arbeid av Unit, men vi har ikkje gått nærare inn i denne statistikken i denne rapporten. Dels manglar tidsskriftartiklar, noko som forstyrrar biletet ved at det kan vere ulik bruk av tidsskriftartiklar på lågare og høgare nivå, og mellom universiteta og andre institusjonar. I tillegg kjem at tidsskrift ofte vert katalogisert som «fleispråkleg» i Alma, sjølv om den aktuelle artikkelen er på norsk. Ulik registreringspraksis innan ulike institusjonar, nivå og fagområde gjer også at det er vanskeleg å få eit fullgodt bilete på nasjonalt nivå. Unit arbeider no med å få ei tilpassing i programmet, slik at språkdata kjem direkte på pensumeininga i Leganto. Dette vil vonleg gjere det mogeleg å få ut samla data for dei institusjonane i UH-sektoren som nyttar Leganto.

I 2020 har HVL utarbeidd ein eigen språkrapport, der m.a. tal for studielitteratur på ulike språk innan dei einskilde fakulteta ved HVL vert lagt fram. Rapporten viser at HVL i 2018-2020 har ei klar overvekt av norsk som undervisningsspråk og språk i studielitteratur. Publiseringa ved HVL går derimot stort sett for seg på engelsk. Det er likevel store interne variasjonar (Høgskulen på Vestlandet, 2020).

Rapporten som HVL har utarbeida gjev eit godt inntrykk av situasjonen for norsk som fagspråk ved HVL, og er til god hjelp i det strategiske arbeidet vidare. Uavhengig av kva som skjer med Unit sine data over studielitteratur nasjonalt, vil ein eigen språkrapport vere nyttig i fagspråkarbeidet ved alle institusjonar.

### 3.11 Mållova

Kunnskapsdepartementet har i tildelingsbrev for 2019, 2020 og 2021 minna universiteta og høgskulane på Mållova, og særleg at minst 25 prosent av begge målformer skal vere representert i institusjonane sine offisielle tekstar. Khrono har ein gjennomgang av tala frå 2019, og slår fast at alle institusjonane bryt dette kravet (Svendsen, 2020).

I strategiane til alle dei statlege UH-institusjonane unnateke AHO og NTNU vert Mållova omtala eksplisitt. OsloMet viser til lova saman med andre lover og retningslinjer på same nettside, og NMH har denne formuleringa: «Det skal være minst 25 prosent av hver målform (bokmål og nynorsk) i NMHs samlede eksterne kommunikasjon. Alle offisielle skjemaer skal være tilgjengelige i begge målformer.»

Private høgskular er ikkje omfatta av mållova, og nemner henne heller ikkje i språkstrategiane, med unntak av HK som seier «Kristianias bruk av skriftspråk skal være i samsvar med gjeldende lovverk.»

### 3.12 Arbeidsmarknaden og fagspråk

Dei overordna institusjonsstrategiane, i mykje høgare grad enn språkstrategiane, nemner at utdanning av gode kandidatar til arbeidslivet er eit mål. NIFU-rapporten «Å snakke fag på et språk andre forstår. Norsk fagspråk i høyere utdanning og arbeidsliv» viser til tre NHO-kompetansebarometer der arbeidsgjevarar har rangert både spesifikk fagleg og ålmenn kompetanse. Her kom norskkunnskapar på toppen av lista, ved sidan av samarbeidsevne og praktiske erfaringar. Norsk i denne samanhengen betyr å meistre norsk, og dernest det relevante norske fagspråket. Munnleg norsk har forrang (Schwach & Elken, 2018).

OsloMet har formuleringa «skal fremme etisk bevissthet hos studenter og ansatte om språklig makt i yrkessammenheng».

HiNN: «De [fagmiljøene] skal legge særlig vekt på at studenter og tilsatte skal beherske begrepsbruk på norsk og engelsk innen sitt fagområde.»

UiT: «Fagmiljøene oppfordres til å reflektere over demokrati, formidling og språkbruk.»

BI går langt i å definere både engelsk og norsk som undervisnings- og arbeidsspråk, den tilsende «language policy» er på engelsk

Opplæring i engelsk for norske vert nemnd frå fleire institusjonar, og tilbod om språkvask og liknande. Også opplæring i akademisk skiving, både på norsk og engelsk, for studentar, der 11 av språkstrategiane nemner dette eksplisitt. I Respons Analyse si undersøking svarar 50 prosent av undervisarane at dei trur dette vil hjelpe på studentane si skiving (Språkrådet, 2020).

## 4 Tilrådingar

UH institusjonane har fleire oppgåver til felles. Utvikling av fagspråk er ei slik oppgåve. Samstundes er institusjonane autonome og har ulik fagleg profil og kjenneteikn. Styra hjå institusjonane har ansvaret for overordna strategi, og underliggjande strategiar og handlingsplanar.

Tilrådingane frå “More parallel, please”-rapporten (Gregersen, 2018) om språksituasjonen i høgare utdanning i Norden er til ein viss grad oppfylte. Institusjonane har språkstrategiar, og nokre av dei har språkutval. Dei fleste er klar over at både norsk og engelsk er bruksspråk i forskning og undervisning. Dei er merksame på utfordringane som tilsette og studentar utan norsk som morsmål har, og tilbyr kurs eller opplæring. Nokre tilbyr også engelskopplæring for tilsette, kanskje også studentar, og kurs i akademisk skriving for studentar. Dette er tiltak alle universitet og høgskular bør ha.

### 4.1 Særleg for institusjonane

Dei språklege retningslinjene bør forankrast i strategien til institusjonane, det er det berre eit fåtal som har i dag. Det er også berre ytterst få som har ein handlingsplan som sikrar at dei språkpolitiske retningslinjene blir tatt i bruk. Ansvaret for å følgje opp retningslinjene og handlingsplanen bør plasserast i ein språkpolitisk komité, eit utval eller ei avdeling i institusjonen.

Institusjonane bør følgje opp eigen språksituasjon med eigne årlege rapportar, som bør vere eit av dei faste oppfølgingspunkta frå tildelingsbrev til Kunnskapsdepartementet. Her bør både språk i undervisningsemne, i studielitteratur, i masteroppgåver og ph.d.-avhandlingar, i publisering, terminologi og anna formidling med.

Institusjonane må ha merksemd på norskopplæring av internasjonale tilsette. Behova for kompetanseheving i norsk og engelsk hos dei vitskapleg tilsette bør kartleggjast, slik at dei kan få tilbod om eigna språkkurs og pedagogisk trening som sikrar god kvalitet i undervisninga.

### 4.2 Nasjonalt samarbeid

Nasjonalt bør det opprettast ei insentivordning som sikrar at arbeidet med norsk fagspråk og terminologi og skriving av læremiddel, leksikonartiklar, tidsskriftartiklar o.l. blir premiært og prioritert. Dette kan til dømes leggjast inn i ei meritteringsordning for god undervisning/gode førelesarar. Institusjonane har også høve til å utvikle eigne insentiv for norskspråkleg formidling.

I universitetspedagogiske opplæringstilbod bør det utviklast ein eigen modul om fagspråk- og terminologiarbeid for at det skal bli ein naturleg del av undervisninga.

Det bør setjast opp mål for kva språkleg dugleik studentane bør ha når dei er ferdige med utdanninga. Desse måla bør stå i studieprogrammet og i kan med fordel inkluderast i læringsutbytteomtalen for dei enkelte emna.

Unit arbeider med å utvikle statistikk-barometer. Data for språk i undervisningsemne, i studielitteratur, i masteroppgåver og ph.d.-avhandlingar, i publisering mm. bør kome med der, av dei data som institusjonane allereie rapporterer.

## Litteraturliste

- Bolstad, E., & Åmås, K. O. (2021). *Årsmelding for Store norske leksikon 2020*.  
<https://lillenorske.no/arsmelding/2020.pdf>
- Diku. (2020). *Tilstandsrapport for høyere utdanning 2020* (Diku rapport 3/2020).
- Ekspertgruppe oppnevnt av Kunnskapsdepartementet. (2014). *Finansiering for kvalitet, mangfold og samspill Nytt finansieringssystem for universiteter og høyskoler*.  
[https://www.regjeringen.no/contentassets/0d3aa576467f4eeeb7f7af25a26d607a/finansieringuh\\_rapport.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/0d3aa576467f4eeeb7f7af25a26d607a/finansieringuh_rapport.pdf)
- Federation of Finnish Learned Societies, C. f. P. I., Finnish Association for Scholarly Publishing, Universities Norway & European Network for Research Evaluation in the Social Sciences and the Humanities,. (2019). *Helsinki Initiative on Multilingualism in Scholarly Communication*. <https://www.helsinki-initiative.org/>
- Gregersen, F. e. a. (2018). *Best practice of parallel language use at Nordic Universities: 11 recommendations* (TemaNord, Issue. <https://norden.diva-portal.org/smash/get/diva2:1203291/FULLTEXT01.pdf>
- Gujord, A.-K. H., Molde, E. B., Olsen, A.-M. K., & Wunderlich, I. (2020). Norsk når du kan, engelsk når du må? *Khrono*. <https://khrono.no/norsk-nar-du-kan-engelsk-nar-du-ma/457167>
- Gunnes, H., & Steine, F. S. (2020). *Mangfoldstatstkk: Stor vekst i antall forskere med innvandrebakgrunn i norsk akademía* (NIFU Innsikt, Issue. [https://nifu.brage.unit.no/nifu-xmlui/bitstream/handle/11250/2720241/NIFU-innsikt2020-17\\_Mangfoldstatistikk.pdf?sequence=1&isAllowed=y](https://nifu.brage.unit.no/nifu-xmlui/bitstream/handle/11250/2720241/NIFU-innsikt2020-17_Mangfoldstatistikk.pdf?sequence=1&isAllowed=y)
- Høgskulen på Vestlandet. (2020). *Rapport frå kartlegging av parallellspråkbruken ved HVL*.  
<https://hvl.no/globalassets/hvl-internett/dokument/rapport/rapport-fra-kartlegging-av-parallellsprakbruken-ved-hvl.pdf>
- Kristiansen, M. (2020). *Parallellspråk og språkpolitikk i UH-sektoren. Status og vyer* (Språkrådets skrifter/nr 7, Issue. [https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/publikasjoner/sprakradets-skrifter/sprakradets\\_skrifter\\_nr7.pdf](https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/publikasjoner/sprakradets-skrifter/sprakradets_skrifter_nr7.pdf)
- Kristiansen, N. (2020). Om forskning.no. *forskning.no*. <https://forskning.no/om-forskningno/om-forskningno/990992>
- Kunnskapsdepartementet. (2018). *Statsbudsjettet for 2019 kap. 260 post 70 - Tilskuddsbrev for private høyskoler*.  
<https://www.regjeringen.no/contentassets/03dc36d8dee64013b04783c7cca50ade/statsbudsjettet-for-2019-kap-260-post-70---tilskuddsbrev-til-private-hoyskoler.pdf>

- Kunnskapsdepartementet. (2019). *Statsbudsjettet for 2020 kap. 260 post 70 - Tilskuddsbrev for private høyskoler*.  
<https://www.regjeringen.no/contentassets/a4d6e8be817b481885d12b0e5a6dde39/satsbudsjettet-for-2020-kap-260-post-70---tilskuddsbrev-til-private-hoyskoler-shso-11681356.pdf>
- Nordbø, B. (2021). terminologi. *Store norske leksikon på snl.no*. <https://snl.no/terminologi>
- Nordiska ministerrådet. (2006). *Deklarasjon om nordisk språkpolitikk*. <http://norden.diva-portal.org/smash/get/diva2:700895/FULLTEXT01.pdf>
- NOU 2020:3. (2020). *Ny lov om universiteter og høyskoler*.  
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2020-3/id2690294/>
- openaccess.no. (2020). Retningslinjer for nasjonalt tidsskriftkonsortium for humaniora og samfunnsvitenskap 2021-24  
<https://www.openaccess.no/Norske%20C3%A5pne%20hum-sam-tidsskrift/retningslinjer-for-tidsskriftkonsortiet-2021-2024.pdf>
- Prop. 108 L (2019/2020). (2019). *Lov om språk (språklova) - Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)*.  
<https://www.regjeringen.no/contentassets/92c0cb2b20ba4d2aac3c397c54046741/n-no/pdfs/prp201920200108000dddpdfs.pdf>
- Schwach, V., & Elken, M. (2018). *Å snakke fag på et språk andre forstår. Norsk fagspråk i høyere utdanning og arbeidsliv* (NIFU Rapport, Issue).  
[https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/rapporter-og-undersokelser/nifu\\_rapport\\_2018.pdf](https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/rapporter-og-undersokelser/nifu_rapport_2018.pdf)
- Schwach, V., & Mæsel, E. S. (2013). *Pensum i høyere utdanning – hvilke læremidler brukes? Kartlegging av praksis i utvalgte fag* (NIFU Rapport, Issue).  
<https://nifu.brage.unit.no/nifu-xmllui/bitstream/handle/11250/280447/NIFURapport2013-29.pdf?sequence=1>
- Sivertsen, G., Løver, N., Mæsel, E. S., & Tømte, C. (2016). *Læremidler og formidling i høyere utdanning: En evaluering av tilskuddsordningen og en vurdering av insentivene* (NIFU Rapport, Issue). <https://nifu.brage.unit.no/nifu-xmllui/bitstream/handle/11250/2394382/NIFURapport2016-18.pdf?sequence=1&isAllowed=y>
- Språkrådet. (2018). *Kartlegging av språkstrategiske dokument i bruk ved statlige utdanningsinstitusjoner*. [https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/rapporter-og-undersokelser/2018\\_kartlegging-av-sprakpolitikk-ved-norske-hoyskoler.pdf](https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/rapporter-og-undersokelser/2018_kartlegging-av-sprakpolitikk-ved-norske-hoyskoler.pdf)

- Språkrådet. (2020). *Språk i høyere utdanning*. [https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/rapporter-og-undersokelser/sprakradet\\_sprak-i-hoyere-utdanning\\_rapport\\_210129\\_mi.pdf](https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/rapporter-og-undersokelser/sprakradet_sprak-i-hoyere-utdanning_rapport_210129_mi.pdf)
- Svendsen, N. V. (2020, 21.07.2020). Alle universiteter og høyskoler bryter mållova. *Khrono*. <https://khrono.no/alle-universiteter-og-hogskoler-bryter-mallova/503410>
- Thingnes, J. S. (2020a). Å velje eit minorisert språk: Mellom språk-politiske ideal og språkleg realitet. *Maal og minne*, 112(2), 40. <http://ojs.novus.no/index.php/MOM/article/view/1871>
- Thingnes, J. S. (2020b). Å velje minoriserte språk. *Språkpolitikk og språkval i academia* Universitetet i Oslo]. <https://www.duo.uio.no/handle/10852/80634>
- UHR. (2005). *UHRs termbase*. <https://www.uhr.no/ressurser/uhrs-termbase/>
- UHR. (2006). *Formidlingsutvalget I 2005 Sammen om kunnskap – nytt system for dokumentasjon av formidling* [https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/kd/hdk/2006/0010/ddd/pdfv/288717-sdg-sammen\\_om\\_ku.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/kd/hdk/2006/0010/ddd/pdfv/288717-sdg-sammen_om_ku.pdf)
- Universitetet i Bergen. (2020). *Innspel til Prop- 108L Lov om språk (språklova) frå Universitet i Bergen*. <https://stortinget.no/no/Hva-skjer-pa-Stortinget/Horing/horingsinnspill/?dnid=12064&h=10004170>
- Universitets- og høyskolerådet. (2006). *Framlegg til ein språkpolitikk for universitet og høyskolar i Noreg* [https://www.uhr.no/\\_f/p1/i29bb6ac0-749d-4dec-b64a-c6e2f2eca711/rapport\\_ein\\_spr\\_kpolitikk\\_for\\_universitet\\_og\\_h\\_gskolar\\_i\\_noreg\\_juni\\_2006.pdf](https://www.uhr.no/_f/p1/i29bb6ac0-749d-4dec-b64a-c6e2f2eca711/rapport_ein_spr_kpolitikk_for_universitet_og_h_gskolar_i_noreg_juni_2006.pdf)
- Universitets- og høyskolerådet. (2007). *Språkpolitisk plattform*. [https://www.uhr.no/\\_f/p1/ib79b8f30-20e6-4042-8341-52274fc83ea3/spraakpolitisk\\_plattform-19022007.pdf](https://www.uhr.no/_f/p1/ib79b8f30-20e6-4042-8341-52274fc83ea3/spraakpolitisk_plattform-19022007.pdf)
- Vagstad, S., Gabrielsen, T. S., Kaarbøe, O., Lommerud, K. E., & Risa, A. E. (2007). *Finansieringssystemet for universiteter og høyskoler – teoretiske vurderinger*.



Direktoratet for  
internasjonalisering  
og kvalitetsutvikling  
i høgare utdanning



+47 55 30 38 00 | [post@diku.no](mailto:post@diku.no) | [diku.no](http://diku.no)